



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/134-11

Sakshandsamar: Gunhild Austjord

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Landbruk, miljø og teknisk utval	08.09.2022	31/22
Formannskap	13.09.2022	81/22
Formannskap	20.09.2022	90/22

Framlegg til trafikksikringsplan for perioden 2023 - 2026

Vedlegg

- 1 Særutskrift - Rullering av trafikksikringsplan - oppstart
- 2 TS-plan Utkast 010922
- 3 Trafikksikkerhetsplan 2022
- 4 Uttale til Trafikksikringsplan
- 5 Uttalelse til varsel om oppstart av trafikksikkerhetsplan - revisjon - Tokke - 2023 - 2026.pdf
- 6 Svar på varsel om oppstart av revisjon av trafikksikkerhetsplan

Bakgrunn for saka:

Gjeldande trafikksikringsplan gjeld for åra 2019 – 2022 og har vore lagt til grunn for søknader om eksterne midlar, investeringsprosjekt og mindre tiltak. Formannskapet vedtok i møte 2. juni å setje i gang arbeidet med revisjon av trafikksikringsplan. Arbeidet blei varsla med frist for innspel 12. august.

Vurdering

Vedlagt følgjer eit tidleg utkast til plan. Dette blir lagt fram for politisk handsaming for utlegging av planframlegg på høyring. Sidan arbeidet blei starta opp i sommar, har

det ikkje blitt jobba med innspel frå interne utval ved skulane m.m. Denne prosessen er viktig og må gjerast frametter, før planen kjem til slutthandsaming seinare i haust.

Planutkastet nå er difor eit tidleg utkast til revidert plan.

Planutkastet har fokus på å prioritere gjennomføring av tiltak og prosjekt som har blitt jobba med i perioden som har gått, og/ eller har blitt aktualisert. Dette gjeld særleg nytt trafikkanlegg ved VGS og ny G/S-veg frå Gullkopp – avkøyring til Modalen (800 m).

Det er alt sendt søknad om midlar frå trafikksikkerheitsordninga til fylkeskommunen på gjennomføring av omlegging trafikkavvikling ved Vest – Telemark VGS/ Tokke skule/ kulturhus m.m., som hadde frist 1. september. Ny trafikksikringsplan må ettersendast søknaden innan 1. november 2022.

G/S-vegen på Gullkopp blir regulert inn i ny reguleringsplan for Dalen, og er difor lagt inn i 2024 for mogleg realisering.

Formannskap si handsaming av sak 90/2022 i møtet den 20.09.2022

Røysting

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

Vedtak

Framlegg til trafikksikringsplan for perioden 2023 – 2026 blir lagt ut til offentleg ettersyn. Endeleg prioritering blir gjort etter høyring og innspel frå interne utval, i samband med slutthandsaming.

Formannskap si handsaming av sak 81/2022 i møtet den 13.09.2022

Røysting

Pga av mange saker er sakene fordela på to møter, 13.09 og 20.09.

Vedtak

Saka er utsett til nytt møte 20.09.22

Landbruk, miljø og teknisk utval si handsaming av sak 31/2022 i møtet den 08.09.2022

Røysting

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

Vedtak

Framlegg til trafikksikringsplan for perioden 2023 – 2026 blir lagt ut til offentlig ettersyn. Endeleg prioritering blir gjort etter høyring og innspel frå interne utval, i samband med slutthandsaming.

Kommunedirektørens tilråding

Framlegg til trafikksikringsplan for perioden 2023 – 2026 blir lagt ut til offentlig ettersyn.

Endeleg prioritering blir gjort etter høyring og innspel frå interne utval, i samband med slutthandsaming.